

Gamal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark

Rettleiing SMIL midlar for perioden 2021-2024

Vilkår:

Viser til § 2, § 3 og § 4 i Forskrift om tilskot til særlege miljøtiltak i jordbruket FOR-2004-02-04-448 sist endra FOR-2020-12-21-3044 med verknad frå 01.01.2021.

Søknad:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema LDIR- 430 N *Søknad om tilskot til Spesielle Miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*. Du finn elektronisk skjema ved å gå inn www.landbruksdirektoratet.no velg deretter skjema i høgre marg og søk opp skjemaet »Søknad om Spesielle miljøtiltak i jordbruket« oglogg inn på skjemaet med Bank-id.

Sjå elles rettleiing på søknadsskjema og Strategiplan for SMIL midlar 2021-2024 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Strategiplanen skal ligge på heimesida til kommunane under landbruk. Visst du ikkje finn den der ta kontakt med Herøy kommune, avdeling Landbruk, Nedre Dragsund 2, 6080 Gurskøy eller på e-post til landbruk@heroy.kommune.no

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert handsama før den er fullstendig med alle opplysningar og vedlegg. For å ha rett på tilskot til tiltaket (prosjektet), kan ikkje arbeidet startast opp før det er løyvd midlar til tiltaket. Ved løyving vert det gitt inntil 3 års arbeidsfrist som etter skriftleg søknad kan forlengjast med inntil 2 år.

Vedlegg som skal liggje ved søknaden:

- Kostnadsoverslag for tiltaket
- Kart i målestokk 1:1000, 1:2000 eller det som er høveleg
- Gjødseplan
- Sprøytejournal
- Kart i målestav 1: 5000 over eige og leigd areal som føretaket disponerer
- Alle miljøverdiar, samt areal der det er risiko for tap av jord og næringsstoff, skal kartfestast og beskrivast, jamfør forskrifta §6
- For søknad om oppsetting av tradisjonelt fast gjerde for husdyr skal det ligge ved underskriven leigeavtale på 10 år for tiltak på leigd areal

Tiltaket:

Målet med tiltaket å halde vedlike gamal kulturmark, hindre attgroing i utmarka og auke kvaliteten på beite. Aktuelle tiltak er rydding, skjøtsel, slått og hausting, samt å gjerde inn areala for å ha dyr på beite. For inngjerding skal det nyttast fast gjerde med stolpar og not. For storfe vert det godkjent permanent fast elektrisk gjerde.

Materialbruk:

Her fyljer nokre praktiske råd om materialbruk.

Val av staur:

For inngjerding av sau bør det nyttast 6 cm rund trykkimpregnert staur. I ulent terreng og utmark bør diameteren aukast til 8 cm. Bruk grovare rund staur med 8 cm i diameter i hjørne og i grind-/ ledopningar. Inngjerding for storfe krev større dimensjonar. Avstanden mellom sturane bør vere om lag 1,5 meter.

Val av not:

I våre strøk rår vi til å nytta firkantnot med 15 trådar, TV 15 og med C4 tjukk galvanisering. Den har mykje lengre levetid enn t.d. firkantnot med 8 trådar, TV 8 og med c2 tjukk galvanisering. Vi kan godkjenne tiltaket om det vert nytta sekskantnot.

Toppstreng:

Alle gjerde skal ha toppstreng for å verte godkjende. 3 mm galvanisert toppstreng er tilstrekkeleg.

Det er ulovleg å nytte piggråd som toppstreng.

Led/ grunder:

Vi rår til at det vert nytta trykkimpregnert materiale.

Kostnadsoverslag:

Her har vi sett opp nokre døme på kostnadar.

Rydding av lyng og einer:

4 - 7,0 timar pr. daa à kr. 350 = kr. 1400-2450 pr. daa.

Rydding av krattskog/ skog:

7- 15 timar pr. daa à kr. 350 = kr 2450 – 4900 pr. daa. Det skal trekkjast frå verdi av virke ved fastsetting av tilskotsgrunnlag.

Oppsetting av fast tradisjonell gard med toppstreng - eksempel på 100 meter gjerde

67 staur, diameter 6 cm, lengd 175 cm à kr. 28,75= kr. 1926,25 Avrunda til kr. 1926.

67 staur, diameter 6 cm, lengd 220 cm à kr. 49,80= kr. 3336,60 Avrunda til kr. 3337.

67 staur, diameter 7 cm, lengd 175 cm à kr. 36,00= kr. 2412,00

67 staur, diameter 8 cm, lengd 175 cm à kr. 42,00= kr. 2814,00

1 rull not TV8, c2 tjukk galvanisering à kr 1000,00= kr. 1000,00 (Ikkje heilt oppdatert tal)

2 rullar not TV15 A2, C4 tjukk galvanisering à kr 925,00= kr. 1850,00

(Gjerdenota som er tatt med her har ei blanding av aluminium og zink og har lang levetid.)

Kjeng/ kramper 3,0 x 35 mm C4 5 kg. spann kr. 195,00= kr. 41,00 (omrekna og avrunda)

Topptråd 3 mm crapal 4 25 kg (450 m) kr. 670,00= kr. 150,00 (omrekna og avrunda)

Materialkostnad for 100 meter ferdig gjerde med bruk av staur (6 cm), not TV15, C4, kjengar og toppstreng 3 mm vert totalt kr 3.967,00. Kostnad pr. meter vert då avrund kr. 40,-. Alle oppgjevne prisar er utan mva.

Ein kan rekne med å sette opp i gjennomsnitt 7 meter ferdig gard pr. time. Arbeidskostnaden ved eigeninnsats vert då $350 : 7 =$ kr 50,00 pr. løpemeter gard. Løpande gjerdekostnad pr. meter vert då 90,00 + mva.

For gjerding i ulendt terreng og på skrin jord kan det leggjast ved noko ekstra kostnad. Viktig at ein tar med det i kostnadsoverslaget ved innsending av søknaden.

For søkjarar (føretak) som er meirverdiavgiftspliktige vert tilskotsgrunnlaget utrekna utan meirverdiavgift.

Føretak som ikkje er meirverdiavgiftspliktige kan ta med meirverdiavgifta på materialkostnadane.

Vi rår til å bruke 7 eller 8 cm tjukk impregnert staur på utmarksgard/ utmarksgjerde.

Timesatsar:

Eige arbeid:

- Kr. 350 pr. time.
- Kr. 50 pr. time i tillegg for bruk av motorsag.
- Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar.

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarende.

Leigd arbeid:

- Kr. 350 pr. time.

Tilskotsats:

Enkelttiltak – inntil 50% tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Samarbeidstiltak – inntil 60% tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Rydding av gamal piggråd/ gjerde: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.